

Som eit ledd i "Den kulturelle spaserstokken" blir det konsert med allsong i Gamleskulen måndag føremiddag (5. mai 12.30), fortel Klara Bakke i Uskedalen Utvikling.

Allsongleiar er ingen ringare enn Tore Magnus (Petterson), bergensaren som ikkje minst fekk eit landskjent namn på 1970-talet og vart mest kjend for viseklassikaren "Våre små søsken" i 1971. Han er både komponist, gitarist og vokalist og født i 1948.

Allereie på 1960-talet var han medlem av ymse rockeband i Bergen og gjennom desse sterkt delaktig i det som vart kalla Bergen Beat.. Så flytta han til Austlandet og starta med å setja melodiar til dikt av Inger Hagerup, Andre Bjerke, Kalle Zwiilmeyer og Sigbjørn Obstfelder, for å nemna nokon.

"Våre små søsken" av Hagerup sendte han inn til NRK-tevlinga "Talent 72" og vann den TV-sendte finalen med god margin. Singelen vart ein storseljar så plata vart utgjeve i 1972 og Tore Magnus kom med LP-en "Drypp" før han overraskande trakk seg tilbake frå artistlivet.

Men på slutten av 1980-talet kom han att. Tjue år etter at han slo igjennom som visesangar vart "Drypp" utgjeve på CD og Tore Magnus starta ein ny bolk i artistlivet sitt. Den er han som ein forstår slett ikkje ferdig med.....

Av Ola Matti Mathisen